

Forskrift om fartsavgrensing i sjøen i Stranda kommune, Møre og Romsdal fylke, sjøkart nr. 127.

Forskrift fastsett av Stranda kommunestyre . april 2018 med heimel i forskrift 15. desember 2009 nr. 1546 om fartsbegrensinger i sjø, elv og innsjø § 4 første ledd, gitt med heimel i lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann § 13. Forskrifta er godkjent . april 2018 av Kystverkets hovudkontor i medhald av føre nemnde forskrift § 4 første ledd.

§ 1 Fartsavgrensing

8 knop er høgste tillate fart i innanfor eit området trekt mellom følgjande posisjonar:

62°06,664'N, 007°10,464'E (Kvitneset), derfrå i nordleg retning til
62°07,072'N, 007°10,559'E (Fyrlykt Grande), derfrå i søraustleg retning til
62°06,158'N, 007°12,218'E (Maråkvika/tenderbrygge 1), derfrå i sørvestleg retning til
62°06,104'N, 007°12,155'E (inste Seawalkbøye), vidare i sørvestleg retning til
62°05,944'N, 007°11,672'E (Gjøravika), og i nordleg retning tilbake til
62°06,664'N, 007°10,464'E (Kvitneset).

3 knop er høgste tillate fart i området sør for ei linje trekt mellom posisjonane:

62°05,944'N, 007°11,672'E (Gjøravika),
62°06,104'N, 007°12,155'E (inste Seawalkbøye), og
62°06,158'N, 007°12,218'E (Maråkvika/tenderbrygge 1).

§ 2 Unntaksregel

Forskrifta gjeld ikkje for

- a) fartøy som høyrer til forsvaret, politiet, tollvesenet og brannvesenet, samt losfartøy og ambulansefartøy,
 - b) fartøy med lege om bord,
 - c) fartøy i sjøredningsteneste
- der overskriding av fartsavgrensinga må til for å få utført utrykkinga eller oppdraget.

Fartøy som nemnd i første ledd skal om mogleg vise varsellys eller på anna måte varsle om utrykkinga eller oppdraget.

§ 3 Dispensasjon

Kommunestyret kan gje dispensasjon frå denne forskrifta. Dispensasjon kan berre skje etter grunngjeve søknad. Dispensasjon skal vidare berre skje i særlege tilfelle, og det skal leggjast vekt på at det ikkje ved bølgeslag eller på anna måte oppstår skade eller fare for skade på personar, medrekna badande, andre fartøy, strandliner til farvatnet, kaier, akvakulturanlegg eller omgjevnadane elles.

Dispensasjonen skal gjerast tidsavgrensa.

Kommunestyret kan delegere mynde etter første ledd til hamnestyret.

Tildeling eller avslag på søknad om dispensasjon kan klagast på. Kystverkets hovudkontor er klageinstans for vedtak fatta av kommunestyret eller hamnestyret.

§ 4 Straffansvar

Brot på forskrifta eller einskildvedtak gitt i medhald av denne, straffast med bøter etter lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann § 62, for så vidt brotet ikkje vert ramma av strengare strafferegel.

§ 5 *Ikraftsetjing*

Forskrifta trer i kraft ved kunngjering i Norsk Lovtidend.